



Saksbehandlar: Ingvild Andersen, Næringsavdelinga
Sak nr.: 16/2392-1

Sogn og Fjordane Næringsutvikling, val av styre

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slike vedtak:

Som medlemer i Sogn og Fjordane Næringsutvikling sitt styre vert valt:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Oppnemninga gjeld for perioden 2016-2019.

Vedlegg:

1. Vedtekter for stiftinga SFN

SAKSFRAMSTILLING

Sogn og Fjordane Næringsutvikling (SFN) er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og er ei stifting. Stiftinga har som føremål å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i Sogn og Fjordane.

Stiftinga driv ikkje aktivt arbeid, men forvaltar ein del kapital. Stiftinga har ein seksjon i Concord-bygget i Førde (265kvm). Stiftinga er største aksjonær i eigedomsselskapet Concord AS som sit på betydelege verdiar i Førde. Stiftinga er også aksjonær i Mentor AS og har 1/3 av aksjekapitalen som B-aksjar.

Styret vert valt for ein periode på fire år. Valperioden følgjer den kommunale valperioden. I Eigarmelding 2015 står følgjande om fylkeskommunen sitt ansvar overfor stiftinga: «Hovudutval for plan og næring vel heile styret (jf. §7.4). I vedtekten til stiftinga står det at hovudutval for plan og næring vel leiar og nestleiar (jf. §4). Det er naturleg at valretten no legg hjå Hovudutval for næring og kultur.

Styret skal ha tre medlemer: 1 medlem frå hovudutval for næring og kultur, 1 medlem som representerer næringslivet og 1 medlem som representerer arbeidstakarsida.

Styret har i siste periode vore samansett slik:

Odd Inge Hillestad (leiar)
John Bjarne Hjelmeland
Åshild Kjelsnes

Hovudutvalet for næring og kultur skal no velje styret for perioden 2016-2019.